

Fra: "post@suldalslagen.com" <post@suldalslagen.com>
Sendt: mandag 12. mai 2025 11.05.32
Til: "Oscar Østvold" <osos@nve.no>
Emne: "Høyringsfråsegn" sak. nr. 202508791 - uttale frå Suldal Kultivering SA

Hei!

Syner til høyringsrunde i samband med saksnr. 202508791 og Statkraft sin søknad om fråvik av manøvreringsreglement i samband med vedlikehaldsarbeid av sjaktluker i Hylen kraftstasjon. Suldal Kultivering er ei bedrift som produserer og sel laksesmolt til Statkraft i samband med Statkraft sine reguleringsbestemmelser om fiskeutsetting.

Suldal Kultivering gjennomfører uttak av stamfisk i deler av aktuell søknadsperiode 01.08-30.10.2025, nærare bestemt 01.10-15.10.25. Me har då eit overordna ansvar for tryggleiken til stamfiskarane våre. Suldal Kultivering registrerer at det vert søkt om utsetting av periode for spyleflaumane. Spyleflaumar er alltid ei utfordring i samband med stamfiske og det blir difor ikkje fiska under spyleflaumsperiode. Når Statkraft no søker om utviding til uti november vil det vere ein veldig stor fordel for oss om begge spyleflaumane kunne blitt gjennomført i november når stamfisket er avslutta.

Me forstår det slik at Statkraft planlegg å ha tett dialog med berørte partar undervegs i søknadsperioden og me forventar at Suldal Kultivering blir informert så godt det lar seg gjere evt. deltaking i ei arbeidsgruppe dersom dette vert aktuelt.

Om tiltaket blir vedtatt gjennomført og konsekvensen av endring i vassføringsregimet medfører utfordringar som t.d. utsetting av fiske eller at stamfisket må opphøyre, ber me Statkraft om følgjande:

- Tiltaksplan/konsekvensanalyse dersom mangelfull behaldning innan 31.10.25 som er frist for stamfisket



Mvh
Hilde Håranes
Suldal Kultivering SA
Suldalsvegen 881
4230 Sand
Mob.: 980 20 436
E-post: post@suldalslagen.com